

Landro

LANDROVÅGEN er for grunn til at større båtar kan gå inn. Struktur- endringane i fisket, med overgang til snurpenot og store fartøy, har såleis fått lite å seia for sjøbruksmiljøet i Landrovågen. Fiskemottak og hamner for snurpebåtar og trålarar har måtta koma andre stader.

Slik er framleis naustmiljøet og sjøhusa i Landrovågen tilpassa robåten og den vesle motorbåten; fjordfisket og heimfisket.

Alle bruka på Landro har naust på eigande grunn i Landrovågen; somme hus har òg meir enn eitt. Fleire større saltebuer for torsk og sild fortel om at fiskarane kom inn her med fangstane sine, så lenge dei kunne forast på småbåtar. Den eine saltebua vart kalla «Laksanaustet»; eit vitnemål om at laksefisket var eit viktig fiske for Landrosamfunnet.

Det mest innhaldsrike miljøet med eldre småbåtnaust på Sotra finn vi i dag i den lune hamna i Landrovågen; eit område av stor kulturhistorisk verdi. □

LANDRO har vore storgarden på Sotra, med 15 gardsbruk som har hatt rimeleg gode vilkår for jordbruk. Nausta sine har dei i LANDROVÅGEN; ei framifrå hamn for småbåtar. Landro har såleis hatt eit godt grunnlag for kombinasjonsdrifta jordbruk/fiske.

Landrovågen er eit innhaldsrikt sjøbruksmiljø. Bilete frå 1980-talet



HAV-STRILEN

I «Billeder fra Bergens-kysten», ei essay-samling frå 1842, gjev JOHAN SEBASTIAN WELHAVEN eit nærbilete av strilelandet, kanskje like avslørande for bymannens kulturelle horisont som for hushaldet i kystbygdene. Men Welhaven er ikkje utan sans for dei maleriske verdiane i kystkulturen:

«Hav-Strilens Yndlings-Dyr er Svin og Høns. Han har paa en Maade indlemmet dem i sin Familie, thi de tilbringe en stor Del av deres Liv i hans Stue. Svinet vises dog i Almindelighed ud, naar dets Natur rigtig har utfoldet sig. Men Hønsene have stadig Tilhold i Familiens Skjød, og føre saaledes et lunt Stueliv den hele vinter. Bonden ved at drage Nytte af denne Omhed, og ved juletider gjør han gode Affærer med sine friske Æg.

Man kan gjette sig til, at Renlighed ei er Hovedsagen i disse Folks Boliger. Der er heller ikke nogen norsk Almue, som er mere berygtet for sit Søleri end Hav-Strilerne. Man lugter deres Stel paa langt Hold. Deres lave Huse ere omgivne af denne Husholdnings Attributer og Herligheder; paa Taget, paa Væggene og paa Stænger ved Indgangen hænger der flækket Fisk og Pjalter af Sildegarn. Indenfor er der en eneste Stue, med Gruer og Røghus. Man studser ved dens ubetydelige Omfang, naar

man overveier, hvor mange Individder der ofte ere samlede i et saadant Rum baade Dag og Nat. Der er ved disse Røgstuer Intet af den Behagelighed og Orden, som man ofte træffer i lignende Bygninger hos den rigere Bonde paa det faste Land. De glat bearbejdede Tømmerstokke og den egne kniplingsartede Bord af Kridt-Tegninger der løper om en smuk Røgstues Vægge i de anselige Fjeldbygder, ser man kun sjelden ude paa Øerne; thi her bruger man kun ved enkelte høitidelige Leiligheder at skure den hele Stue med Sand. Hos Hav-Bonden er det snevre Rum end mere indskrænket af alskens plumpt Bohave og Redskap. Paa Bænkerne langs væggen er der neppe Plads til et Sæde; man træffer de smaa Børnesenge mellem Saltekar og Tjære-bøtter. Ved Gruen hænger ofte den hele Families vaade Sø-Klæder.

Paa gulvet kan man blive hildet i Bunkerne af et Garn, der just skal repareres. Men Lysfaldet gennem Taget over alt dette er af en ypperlig Virkning. Naar den gamle Hav-Stril

i sin maleriske Dragt, med sit lange Graa-skjæg, sidder i Røgstuen under Lyren, da minder han levende om mangt et prægtigt Billed af den uforlignelige Rembrandt».

Folke draktskisser frå Sotra i LOSTING sin strek. Desse skissene var forstudier til dei meir stiliserte draktakvarellene.

